



PENSJONISTFORBUNDET HORDALAND
Rasmus Meyers allé 5
5015 BERGEN

Dato: 18.09.2019
Vår ref.: 2018/16480-135
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Pensjonistforbundet Hordaland ynskjer informasjon frå fylkeseldrerådet Hordaland

Det vert vist til udatert brev frå Pensjonistforbundet i Hordaland der ein ber om informasjon om fylkeseldrerådet sitt arbeid med reforma «Leve hele livet». Brevet vart lagt fram for rådet i møte 05.09.19, under RS 20/19, som i møtet vart endra til PS 71/19.

Om informasjon om saker i fylkeseldrerådet

Etterspurd informasjon ligg på nettsidene til Hordaland fylkeskommune, hfk.no. Sakspapir og protokoll frå alle møte finn ein under overskrifta TENESTEOMRÅDE og vignettane politikk, saksgang og politiske møte, møte og saksdokument (e-innsyn). Ein vil då vidare koma til ei alfabetisk liste over alle utval med oversikt over møtedatoar for året. Ved å klikka på aktuell dato, vil ein få fram sakliste og protokoll.

Tidlegare informasjon til Pensjonistforbundet

Pensjonistforbundet har allereie fått den etterspurde informasjonen direkte frå fylkeseldrerådet. Blant anna har Pensjonistforbundet fått kopi av felles brev til eldreråda frå fylkeseldreråda i Hordaland og Sogn og Fjordane, der eldreråda blir oppfordra til å engasjera seg i reforma «Leve hele livet.»

I tillegg har helsepolitisk leiar i Pensjonistforbundet i Hordaland fått tilsendt all informasjon som rådsmedlemmene har motteke i prosessen om reforma.

«Leve hele livet»

Det er fylkesmannen i Vestland som har ansvaret for arbeidet med reforma «Leve hele livet». Pensjonistforbundet må difor venda seg til fylkesmannen. Fylkeseldrerådet i Hordaland er ikkje involvert på annan måte enn at rådet er representert i ei arbeidsgruppe under fylkesmannen, på lik line med mange andre.

Gunda Falao Sparre
leiar

Fylkeseldrerådet i Hordaland